

CHRISTINEGAARD HOVEDGAARD AS  
c/o Karina Herteig Formanns vei 3  
5037 BERGEN

Dato: 20.12.2017  
Vår ref.: 2016/9012-205  
Saksbehandlar: irekron  
Dykkar ref.:

## **Christinegård Hovedgård - gnr 168 bnr 565 - Bergen - Askeladden ID:87127-1 - Statsbudsjettet 2017 kap 1429 post 71 - Sluttutbetaling av tilskot**

Vi viser til Dykkar e-post der de ber om å få utbetalt tilskot til Christinegård Hovedgård.

Det er ikkje sendt inn ein samla oversikt over arbeida eller utgiftene enno, men eigar har i telefonsamtale 20.12.2017 gjort greie for tiltaka. Fylkeskommunen har elles hatt ei nær oppfølging av dei ulike istandsettingstiltaka på Christinegaard og er difor trygg på at dei vert utført i samsvar med antikvariske krav, søknad og tildelingsbrev.

Når det gjeld tilskot til trepleie, vart dette løyva i 2016. Dette er enno ikkje betalt ut for, og sidan heile løyvinga frå 2016 er brukt opp kan dette dekkjast av tilskotet for 2017. Det som står att av tilskotet for 2017 kan difor betalast ut, i idet vi legg til grunn at ein økonomisk rapport vert ettersendt så snart råd er.

Kr 449.567,- vert utbetalt til dykkar bankkontonr. 3411.39.60894.

De har ansvar for å kontrollera at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

David Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Erlend Hofstad  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*